

**AVTALE MELLOM REGJERINGANE I DEN EUROARKTISKE
BARENSTREGIONEN OM SAMARBEID INNAN FØREBYGGING,
BEREDSKAP OG INNSATS RETTA MOT KRISESITUASJONAR**

Regjeringane i Republikken Finland, Kongeriket Noreg, Den russiske føderasjonen og Kongeriket Sverige, heretter omtala som avtalepartane,

– som merkjer seg det veletablerte internasjonale samarbeidet innan førebygging, beredskap og innsats retta mot krisesituasjonar, og som ønskjer å utvide samarbeidet for å leggje til rette for gjensidig assistanse i samband med naturlege eller menneskeskapte katastrofar eller andre krisesituasjonar i den euroarktiske Barentsregionen, mellom anna i form av hjelp til personar i naud;

– som understrekar at tidleg og effektiv varsling av krisesituasjonar på land, til sjøs eller på isen, og effektive rutinar for kommunikasjon og avgjerdstaking, er vesentlege føresetnader både for å yte og å ta imot assistanse;

– som er merksame på det veletablerte samarbeidet innan søk og redning ved sjøulukker og flyulukker og på bilaterale avtalar mellom avtalepartane på dette området;

– som er merksame på konvensjonen om tidleg varsling av atomulukker og konvensjonen om assistanse ved atomulukker og radiologiske naudsituasjonar, begge av 26. september 1986, og på bilaterale avtalar mellom avtalepartane på dette området;

– som viser til den aukande bruken av nordområda i samband med utvinning av naturressursar, transport og anna næringsverksemd og til vitenskaplege og andre formål,

– som er merksame på at klimaskapte ulukker kan komme til å opptre hyppigare i nordområda;

– som er kjende med at det kan bli auka behov for tekniske og andre ressursar for å handtere ulike krisesituasjonar;

– som tek omsyn til at kortaste vegen til ressursar som er eigna til å setje inn i ein krisesituasjon, kan vere til ein nabostat, og som ønskjer å utvikle direkte grenseoverskridande samarbeid på lokalt og regionalt plan i den euroarktiske Barentsregionen i tilfelle ein krisesituasjon oppstår;

– som tek omsyn til dei fordelane avtalepartane kan ha av å utveksle informasjon og erfaringar om førebygging og handtering av krisesituasjonar og om måtar å avgrense og eliminere følgjene av slike situasjonar på, og av å drive felles opplæring og øvingar;

– som ønskjer å utvikle samarbeidet seg imellom i samsvar med sine respektive nasjonale lovverk, utan at det skal gå ut over eksisterande bilaterale eller multilaterale ordningar som dei er bundne av;

er blitt samde om følgjande:

Artikkel 1 Definisjonar

I samband med denne avtalen har følgjande uttrykk dei tydingane som går fram av avsnitta nedanfor:

Uttrykket *krisesituasjon* tyder ein eller fleire situasjonar, ofte farlege, som skuldast ei brå hending, og omfattar både mindre og større episodar og ulukker, til dømes trafikkulukker, episodar og ulukker i industrien, eksplosjonar, brannar, samanrasingar, jordskred, flaumar og andre menneskeskapt eller naturlege katastrofar som har medført eller kan medføre personskade, materiell skade eller skade på miljøet, og som krev omgåande tiltak. Uttrykket *krisesituasjon* tyder òg ein situasjon der personar er i naud eller er sakna, og som krev tiltak som organisert leiting og/eller redningsinnsats.

Uttrykket *den euroarktiske Barentsregionen* tyder det geografiske området som dekkjer desse regionale politisk-administrative einingane:

- i Finland: Lapplands län og Uleåborgs län
- i Noreg: Nordland, Troms og Finnmark fylke
- i Russland: republikken Karelen, republikken Komi, Arkhangelsk oblast, Murmansk oblast og sjølvstyreområdet Nenets
- i Sverige: Norrbottens län og Västerbottens län

Uttrykket *kompetente statlege styresmakter* tyder:

- i Finland: Innanriksministeriet
- i Noreg: Justis- og politidepartementet
- i Russland: Ministeriet for sivilforsvar, krisesituasjonar og opprydding etter naturkatastrofar
- i Sverige: Forsvarsministeriet

Uttrykket *kompetente regionale og lokale styresmakter* tyder dei styrande organa i kommunar, forbund av kommunar og samanslåtte lokalforvaltningsområde, i tillegg til fylkesstyresmaktene og dei statlege styresmaktene i regionale forvaltningsområde i den euroarktiske Barentsregionen som har mynde i spørsmål som fell innanfor verkeområdet for denne avtalen.

Uttrykket *oppmodande part* tyder den avtaleparten som ber om assistanse i ein krisesituasjon.

Uttrykket *assisterande part* tyder den avtaleparten som yter assistanse i ein krisesituasjon.

Uttrykket *transittstat* tyder ein stat der regjeringa er ein avtalepart, men som ikkje er den oppmodande eller den assisterande parten, når innsatsgrupper og innsatsressursar blir frakta via territoriet til denne staten, medrekna luftrom og/eller territorialfarvatn.

Uttrykka *kriseinnsats* og *(krise-)innsatsoperasjonar* tyder søk og redningsinnsats og andre aktivitetar i ein krisesituasjon, medrekna katastrofehjelp og annan assistanse, som blir sette i verk for å redde liv eller for å avgrense eller eliminere dei materielle følgjene og følgjene for miljøet.

Uttrykket *innsatsgruppe* tyder ei organisert spesialgruppe frå ein assisterande part som blir utpeikt til å utføre kriseinnsats og opererer under éin enkelt kommando.

Uttrykket *kriseområde* tyder det geografiske området i den euroarktiske Barentsregionen der ein krisesituasjon har oppstått, og der ein kriseinnsatsoperasjon blir sett i verk.

Uttrykka *kriseinnsatsressursar* eller *assistanseressursar* tyder utstyr, forsyningar, hjelpemateriell og anna materiell i tillegg til tenester som er relevante og forholdsmessige, og som synest nødvendige for å tryggje den konkrete kriseinnsatsoperasjonen.

Uttrykket *felles handbok* tyder eit dokument felleskomiteen har laga, som vist til i artikkel 4, og som inneheld operasjonell informasjon vedrørende førebygging, beredskap og innsats retta mot krisesituasjonar i den euroarktiske Barentsregionen.

Artikkel 2 **Verkeområde for avtalen**

Denne avtalen gjeld grenseoverskridande samarbeid innan førebygging, beredskap og innsats retta mot krisesituasjonar i den euroarktiske Barentsregionen, medrekna felles øvingar og opplæring, med sikte på å setje avtalepartane betre i stand til å yte rask og effektiv assistanse i kriseinnsatsoperasjonar.

Avtalepartane skal vidareutvikle tiltak og metodar som aukar effektiviteten i det internasjonale samarbeidet om førebygging, beredskap og innsats retta mot krisesituasjonar.

Artikkel 3

Ansvarsområde for dei kompetente styresmaktene

Dei kompetente statlege styresmaktene er ansvarlege for å handtere og samordne bruken av denne avtalen.

Dei kompetente regionale og lokale styresmaktene i kvar stat kan i samsvar med sine nasjonale lovverk, og så langt fullmaktene og midlane deira tillèt, gjere seg samde om gjennomføringa og utviklinga av samarbeidet etter denne avtalen. Desse styresmaktene skal sjølve svare for dei pliktene dei tek på seg på denne måten.

Artikkel 4

Felleskomité

Dei kompetente statlege styresmaktene hos avtalepartane skal opprette ein felleskomité for bruken av denne avtalen og utpeike representantar til komiteen. Leiarvervet i komiteen skal gå på omgang mellom avtalepartane i alfabetisk rekkjefølgje, og det skal skiftast leiar éin gong i året. Felleskomiteen skal møtast årleg eller når det er nødvendig for å planleggje eller samordne samarbeidet og for å evaluere bruken av denne avtalen.

Felleskomiteen skal mellom anna ta initiativ til og delta i planlegging av øvingar og felles opplæring, oppdatere felleshandboka og organisere utveksling av ekspertar.

Artikkel 5

Kontaktpunkt og felles handbok

Dei kompetente styresmaktene i kvar stat skal utpeike kontaktpunkt for gjennomføringa av samarbeidet etter denne avtalen, mellom anna døgnopne kontaktpunkt for melding og formidling av oppmodingar om assistanse i ein krisesituasjon.

Avtalepartane skal informere kvarandre om sine kompetente statlege, regionale og lokale styresmakter og dei utpeika kontaktpunkta, og dei skal gje kvarandre alle relevante opplysningar som gjeld kriseinnsatsressursar og korleis desse ressursane er organiserte og fungerer. Desse opplysningane skal samlast i ei felles handbok. Avtalepartane skal informere kvarandre gjennom felleskomiteen (sjå artikkel 4) om alle relevante endringar i desse opplysningane.

Artikkel 6

Melding om krisesituasjonar

Avtalepartane skal omgåande og gjennom dei kanalane som er fastsette i artikkel 5 i denne avtalen, melde frå til kvarandre om krisesituasjonar på kvar sine territorium som har eller kan få negative følgjer for befolkninga og territoriet

til dei andre avtalepartane. Meldinga skal innehalde opplysningar om kva krisesituasjonen går ut på og kvar han utspelar seg, om tiltak som er eller vil bli sette i verk i og utanfor kriseområdet, og om eventuelle andre relevante omstende. Vidare skal det informerast slik situasjonen tilseier etter kvart som han utviklar seg.

Avtalepartane kan melde frå til kvarandre om krisesituasjonar som skaper utbreidd uro blant publikum, eller som ein trur kan komme til å gjere det. Ein avtalepart kan òg be om opplysningar frå ein annan avtalepart om krisesituasjonar som ein veit eller trur har oppstått, men det er opp til den sistnemnde parten å svare på slik oppmoding.

Melding etter denne avtalen skal så langt nasjonalt lovverk krev det, gjelde for alle krisesituasjonar.

Vidare skal det, i samsvar med krava i relevante konvensjonar og bilaterale avtalar, meldast frå om krisesituasjonar til havs og i luftfarten, og om kjernefysiske og radiologiske krisesituasjonar.

Artikkel 7

Gjensidig assistanse

Avtaleparten som treng assistanse i ein krisesituasjon, kan oppmode den andre avtaleparten eller dei andre avtalepartane om det. Den oppmodande parten skal gje den assisterande parten utførlege opplysningar om kvar og når krisesituasjonen har oppstått, og om arten og omfanget av situasjonen. Den oppmodande parten skal òg gje opplysningar om kva slag innsatsgrupper og ressursar det blir oppmoda om.

Kvar avtalepart pliktar å yte den assistansen han ser seg i stand til å tilby. Den avtaleparten oppmodinga om assistanse er retta til, skal omgåande avgjere om han er i stand til å yte den assistansen det er oppmoda om. Han skal omgåande slå fast i kva omfang og på kva vilkår assistanse kan ytast, og informere den hjelpesøkjande parten tilsvarande.

Den oppmodande parten skal melde frå til den assisterande parten om kva kriseinnsatsgrupper og ressursar han vil ta imot.

Artikkel 8

Prosedyrar ved grensekryssing

Både den oppmodande parten og transittstatane skal, i samsvar med eigne lovverk og internasjonale reglar som dei er bundne av, ta i bruk dei mest forenkla prosedyrane dei kan når innsatsgrupper frå den assisterande parten, og kriseinnsatsressursane deira, skal krysse grensene. For å leggje til rette for dette skal innsatsgruppene leggje fram eit sertifikat utskrive av den kompetente styresmakta hos den assisterande parten som fortel kva slag oppdrag gruppa

skal utføre, og korleis ho er samansett, saman med ei fullstendig liste over kriseinnsatsressursane.

Kvar medlem av gruppa skal bere eit dokument som er gyldig ved utanlandsreiser, og som oppfyller dei krava den oppmodande parten eller transittstaten stiller. Medlemmer av innsatsgruppa kan bere eigne uniformer på territoriet til den oppmodande parten i samsvar med det nasjonale lovverket hos denne parten.

Dersom statlege eller militære mannskap, luftfartøy, skip og køyretøy som det krevst særskilt innreise- og utreiseløyve for, er godtekne til å ta del i ein innsatsoperasjon innanfor territoriet til den oppmodande parten, skal den aktuelle styresmakta hos den sistnemnde parten, og den aktuelle styresmakta hos ein transittstat, skrive ut slikt løyve. Statsgrensa skal ikkje kryssast før nødvendig løyve er utskrive.

Artikkel 9

Toll, andre avgifter og skattar

Avtalepartane skal rette seg etter sine eigne lovverk og internasjonale reglar som dei er bundne av med omsyn til oppheving av og fritak frå tollavgifter, andre avgifter og skattar på kriseinnsatsressursar som blir frakta inn på, i transitt via eller ut av territoria til avtalepartane.

Artikkel 10

Tilbakeføring av innsatsgrupper og hjelperessursar

Når ein kriseinnsatsoperasjon er utført, skal den assisterande parten, med mindre avtalepartane blir samde om anna, trekkje alle innsatsgruppene og kriseinnsatsressursane deira, med unntak av kriseinnsatsressursar som er forbrukte, utdelte, øydelagde eller tapte, tilbake frå territoriet til den oppmodande parten.

Artikkel 11

Operasjonskommando i kriseområdet

Dei kompetente styresmaktene hos den oppmodande parten er ansvarlege for operasjonskommandoen i kriseområdet, med unntak av kriseområde som ligg innanfor territoriet til ein annan avtalepart. Dei kompetente styresmaktene hos den oppmodande parten skal leie dei aktivitetane innsatsgruppene frå dei assisterande partane driv. Medlemmene av innsatsgruppene skal arbeide (tenestegjere) på territoriet til den oppmodande parten i samsvar med arbeidsvedtektene (tenestevedtektene) hos assistanseparten.

Artikkel 12

Ressursar og vedlikehald av innsatsgruppene

Innsatsgruppene skal ha dei ressursane dei treng for å operere sjølvstendig i kriseområdet i minst 24 timar. Den oppmodande parten skal om nødvendig forsyne innsatsgruppene med ekstra kriseinnsatsressursar og med dei vedlikehaldstenester og andre tenester det måtte vere bruk for. Etter behov skal innsatsgruppene dessutan tilbydast tilstrekkeleg medisinsk pleie, mat og innkvartering.

Artikkel 13

Utgifter

Utgiftene med kriseinnsatsoperasjonar i samsvar med denne avtalen skal dekkjast etter desse reglane:

Dersom den assisterande parten vel det, kan assistansen ytast gratis. Elles skal den oppmodande parten refundere utgiftene med den assistansen som er ytt.

Den oppmodande parten kan når som helst trekkje oppmodinga tilbake. Då har den assisterande parten likevel rett til å få refundert dei utgiftene han alt har hatt.

Den assisterande parten skal kunne gje den oppmodande parten eit kostnadsoverslag for den aktuelle assistansen før det blir takka ja til assistansen.

Eventuelle betalingar skal utførast via dei kanalane og i samsvar med dei prosedyrane som ligg føre mellom dei respektive avtalepartane, eller slik det elles blir avtala.

Artikkel 14

Forsikring og erstatning

Den assisterande parten skal i samsvar med sitt eige lovverk teikne tilstrekkeleg forsikring for medlemmene av den eller dei innsatsgruppene han stiller, og for dei assistanseressursane som skal brukast i kriseinnsatsoperasjonen (og som ikkje skal forbrukast eller utdelast). Utgifter til forsikring skal ikkje krevjast refunderte.

Kvar avtalepart skal avstå frå å krevje erstatning frå ein annan avtalepart for død, lekamsskade eller annan helseskade som rammar medlemmene av dei innsatsgruppene han stiller, og for skade på dei personlege egedelane deira, eller for skade på assistanseressursane, når slik død, lekamsskade eller materiell skade skuldast ei ulukke under ein kriseinnsatsoperasjon.

Ein avtalepart kan krevje erstatning frå ein annan avtalepart dersom omstende som nemnt ovanfor følgjer av at det er handla grovt aktlaust eller med overlegg.

Dersom ein medlem av ei innsatsgruppe frå den assisterande parten, som utfører oppgåver i samband med gjennomføringa av denne avtalen, uforvarande

gjer skade på ein tredjeparts personell eller eigedom på statsterritoriet til den oppmodande parten, skal den sistnemnde erstatte skaden i samsvar med dei føresegnene i det nasjonale lovverket som gjeld for skade som hans eige personell valdar.

Erstatning som den oppmodande parten betaler ein tredjepart for skade som personell frå den assisterande parten har valda med forsett eller ved grov aktløyse, skal den sistnemnde refundere.

Artikkel 15

Bruk av opplysningar

Opplysningar som blir mottekne i samband med bruken av denne avtalen, kan nyttast i samsvar med kvar avtaleparts nasjonale lovverk og internasjonale reglar som partane er bundne av.

Artikkel 16

Språk

All brevveksling i samband med gjennomføringa av denne avtalen skal vere på engelsk, eller på det offisielle språket til avtaleparten med engelsk omsetjing vedlagd. Under kriseoperasjonar skal dei oppmodande partane gjere det dei kan for å sikre at innsatsgruppene får den rette tolkinga.

Artikkel 17

Tvisteløysing

Tvistar mellom avtalepartane om tolkinga av denne avtalen skal løysast gjennom forhandlingar.

Artikkel 18

Depositatar

Depositatar for denne avtalen er Utanriksministeriet i Sverige, som skal sende rettkjende kopiar av avtalen til alle avtalepartane.

Artikkel 19

Slutføresegner

Denne avtalen er utan tidsavgrensing og tek til å gjelde den trettiande dagen etter at den siste skriftlege meldinga til depositaren om at avtalepartane har gjennomført dei nasjonale prosedyrane som krevst for at avtalen skal tre i kraft, er motteken.

Kvar avtalepart kan når som helst seie opp denne avtalen ved å sende ei skriftleg melding til depositaren seks månader før den tiltenkte oppseiingsdatoen.

Utfërda i Moskva den 11. desember 2008

i eitt eksemplar på kvart av språka finsk, norsk, russisk, svensk og engelsk, som alle gjeld likt. Ved tolkingsavvik skal den engelske teksten gjelde.

For regjeringa i Republikken Finland

For regjeringa i Kongeriket Noreg

For regjeringa i Den russiske føderasjonen

For regjeringa i Kongeriket Sverige